



Kjell Kallestad Stople
Hjertåsvegen 47
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/672 - 16/15379

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
11.08.2016

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 9/207

Administrativt vedtak. Saknr: 275/2016

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om riving av gammalt våningshus og oppføring av driftsbygning/lager på gbnr 9/207 på Hjertås. Eksisterande bygg som skal rivast har ei grunnflate på 95 m², ny driftsbygning/lager skal oppførast på eksisterande grunnmur frå våningshuset. Bygget er omsøkt med ei grunnflate på 95 m² BYA og 90 m² BRA.

Det vert vist til søknad m/ vedlegg journalført motteke 15.7.2016.

Bygningen ligg innanfor 50 meters byggegrense til fv. 564. Statens vegvesen har gitt dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen i vedtak datert 27.7.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 5.6.2016 i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedommen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsatt som LNF- område (landbruk-, natur- og friluftsliv). I tillegg er eigedommen er opplista i tab. 9.2 Bygde fritidsbustadeigedommar, med status som

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

LNF- spreidd fritidsbustad. Det åpnar for at fleire mindre tiltak tilknytt LNF- fritid utan krav om dispensasjon. Overordna arealføremål er LNF, og ny driftsbygning er i tråd med landbruksføremålet i plan.

Gbnr 9/207 er kjøpt til ein landbrukseigedom, eigar av gbnr 9/207 er same som eig naboeigedommen på gbnr 9/1 og 9/4. Landbrukseigedommen på gbnr 9/1 har allereie våningshus, og det er difor ikkje bruk for det gamle våningshuset på gbnr 9/207 i drifta.

Det ligg føre dispensasjon frå Statens vegevesen om løyve til oppføring av driftsbygning med ein avstand på 20 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på eigedommen. Det er satt krav om at bygningane blir tilrettelagt med framtidig adkomst frå nordsida.

Tiltaket må utførast i samsvar med dispensasjon gitt av Statens vegvesen datert 27.7.2016.

Oppføring av driftsbygning i landbruket inntil 1000 m² er eit tiltak etter Pbl § 20-4 som tiltakshavar sjølv kan søkje om. Våningshuset som skal rivast er på 90 m², administrasjonen har vurdert at rivingen slik omsøkt kan godkjennast utan ansvarsrett.

Plassering- og avstand til nabogrense:

Tiltaket vert plassert på eksisterande grunnmur til våningshuset, og plasseringa blir uendra. Bygget blir liggandes 20 meter frå fylkesvegen, det er gitt dispensasjon frå Statens vegvesen om plassering nærare 50 meter til fylkesvegen. Plasseringa er i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd.

Visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 15.7.2016. Tiltaket vert vurdert å stetta krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Administrasjonen har vurdert at det ikkje er behov for å krevje ansvarsrett for riving av våningshus på 90 m².

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 løyve til riving av eksisterande våningshus og oppføring av driftsbygning/lager på gbnr 9/207. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt og planteikningar journalført motteke 15.7.2016.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket sal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 9/207

Kart og teikningar